



**RADØY KOMMUNE**

# **GEBYRREGULATIV**

## **TEKNISK SEKTOR OG LANDBRUK**

### **I RADØY KOMMUNE**

KS SIN FORENKLA GEBYRMAL AV 2004-03-19, og KS SIN GEBYRMAL FOR NY MATRIKKELLOV, REGIONALT JUSTERT 12.05.2010

GEBYR VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET MED HEIMEL I:

- **§ 33-1 i plan og bygningsloven av 27. juni 2008**
- **§ 32 i lov om eigedsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005 pbl**
- **§ 7 i lov om eierseksjoner av 20. mars 1997**
- **Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993. (Forskrift til forvaltningslova § 27a.)**
- **§ 52 a i lov av 13. mars 1981 nr 6 om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova)**

REGULATIVET BLEI VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET DEN 24.06.2010 SOM SAK (028/10) OG GJELD FRÅ DEN 01.07.2010

REGULATIVET AVLØYSER TIDLEGARE GJELDANDE REGULATIV MED DET SITERTE HEIMELSGRUNNLAGET.

## INNHALD

<b>A GENERELLE REGLAR .....</b>	<b>4</b>
A.1 Betalingsplikt .....	4
A.2 Kva for regulativ skal nyttast .....	4
A.3 Betalingstidspunkt .....	4
A.4 Urimelege gebyr .....	5
A.5 Fritak for gebyr.....	5
A.6 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp.....	5
A.7 Klage .....	5
A.8 Avbrote arbeid.....	5
A.9 Endring av regulativet .....	5
A.10 Gebyr til statlege etatar .....	6
<b>B TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID .....</b>	<b>7</b>
B.1 Timepris.....	7
<b>C GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (§ 33-1).....</b>	<b>7</b>
C.1 Kart og eigedomsoppgåver (kap. 2).....	7
C.1.1 Digitalt situasjonskart for plansaker .....	7
C.1.2 Situasjonskart for tiltakssak, refusjonssak og saker etter ureiningslova .....	7
C.2 Plansaker ( kap 12).....	7
C.2.1 Privat forslag til detaljregulering (pbl §§ 12-3 og 12-11) .....	7
C.2.2 Fornya søknad .....	8
C.2.3 Søknad om planendring (§ 12-14).....	8
C.2.4 Konsekvensutgreiing (§ 12-10).....	9
C.2.5 Avvist eller mangelfull sak.....	9
C.3 Refusjonssaker (kap. 18).....	9
C.3.1 Planbehandling m.v. (§ 18-8).....	9
C.3.2 Kostnadskontroll og fastsetjing av refusjon (§ 18-9).....	9
C.3.3 Avvist eller mangelfull refusjonssak .....	9
C.4 Dispensasjon (kap.19).....	10
1. Dispensasjon frå lov og plan som gjeld arealbruk (§ § 19-1 og 19-2)   kr 8 400.....	10
2. Mellombels dispensasjon (§ 19-3)   kr 6 600 .....	10
3. For andre typar dispensasjon   kr 6 600 .....	10
C.5 Søknadspliktige tiltak (kap.20).....	10
C.5.1 Tiltak som søkjar sjølv kan stå for, jfr. § 20-2 .....	10
C.5.2 Tiltak som krev at kvalifisert og godkjent ansvarshavande står for dei ulike delane av tiltaket, jfr. § 20-1 .....	10
C.5.3 Delingssøknad (pbl § 20-1 bokstav m).....	11
C.5.3.1 Søknad om oppretting av ny grunneigedom, nytt jordsameige, ny festegrund, og arealoverføring i regulert område.....	11
C.5.3.2 Søknad om oppretting av ny grunneigedom, nytt jordsameige, ny festegrund og arealoverføring i uregulert område.....	11
C.5.3.3 Søknad om oppretting av ny anleggseigedom .....	12
C.5.4 Heis, rulletrapp, og rullande fortau. (pbl § 20-1 a).....	12
C.5.5 Endring i høve til gjeve løyve eller registrert melding .....	12
C.5.6 Avvist sak .....	12
C.5.7 Ulovlege byggearbeid (kap 32).....	12
C.5.7.1 Påpeiking av ulovleg byggearbeid med rettingsrettlegg .....	12
C.5.7.2 Oppfølgjande sakshandsaming av ulovlege byggearbeid (Påpeikt ulovleg tilhøve).....	12
<b>D GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA (§ 32) .....</b>	<b>13</b>
D.1 Etablering av ny matrikkeleining (§§ 6, 10 og 12).....	13
D.1.1 Etablering av grunneigedom, festegrund og punktbeste .....	13
D.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (§§ 10 og 13).....	13
D.1.3 Registrering av eksisterande jordsameige eller endring i registrert sameigefordeling (§§ 6, 10 og 14).....	13
D.1.4 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (§ 6).....	14
Gebyr som for vedkomande eining + kr 1 600.....	14

D.1.5 Oppretting av anleggseigedom (§§ 6, 10 og 11).....	14
D.1.6 Oppmålingsforretning utført utan markarbeid .....	14
Dersom oppmålingsforretning blir utført utan markarbeid, skal det betalast eit gebyr på 75 % av ovanstående satsar .....	14
<b>D.2 Oppretting og endring av utareal til eigarseksjon (§§ 6 e og 10) .....</b>	<b>14</b>
<b>D.3 Justering av grense (§§ 10 og 16).....</b>	<b>14</b>
D.3.1 Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrund og jordsameige .....	14
D.3.2 Justering av grense for anleggseigedom.....	14
<b>D.4 Areal-/volumoverføring (§§ 10 og 15).....</b>	<b>15</b>
D.4.1 Arealoverføring for grunneigedom, festegrund og jordsameige.....	15
D.4.2 Volumoverføring for anleggseigedom .....	15
<b>D.5 Klarlegging av eksisterande grense (§§ 10 og 17).....</b>	<b>15</b>
D.5.1 Klarlegging av eksisterande grense der grensa er koordinatbestemt ved tidligare oppmålingsforretning.....	15
D.5.2 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt .....	15
D.5.3 Klarlegging av rettar og servituttar .....	15
D.5.4 Matrikkelføring av privat avtale om grense (§§ 8 og 19).....	15
<b>D.6 Avbrott i rekvirert arbeid som kommunen kan krevje gebyr for (§ 32) .....</b>	<b>15</b>
<b>D.7 Matrikelbrev (§ 3; gebyr fastsett av Staten, jf. matrikkelforskrifta §16.).....</b>	<b>16</b>
For utskrift frå matrikkelen (matrikelbrev) er gebyret: .....	16
 <b>E GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIERSEKSJONER .....</b>	 <b>16</b>
 <b>(§ 7) .....</b>	 <b>16</b>
E.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom.....	16
E.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal som er del av ein seksjon .....	16
E.3 Ny handsaming av avslegen søknad .....	16
 <b>F FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONSSAKER M.V. AV 29. DESEMBER 1993 (STATEN FASTSET GEBYRET) .....</b>	 <b>16</b>
 <b>G GEBYR FOR TILTAKSSAKER ETTER LOV OM FORURENSING .....</b>	 <b>17</b>
G.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (kap 2 i forskrifta).....	17
G.2 Utslepp frå mindre avlaupsanlegg (§ 11-4 i forureningsforskriften av 01.06.2004.).....	17
G.2.1 Søknadssaker .....	17
G.2.2 Meldingssaker (føreset lokal forskrift).....	17
G.2.3 Ny handsaming av avslegen søknad .....	18
G.2.4 Avvist eller mangelfull sak .....	18
G.3 Kontroll saker.....	18

# A GENERELLE REGLAR

## A.1 BETALINGSPLIKT

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden skulle bli avslegen.

Dersom eit avslag medfører ein revidert søknad innan 3 månader og denne blir godkjent, skal 75% av først innbetalt søknadsgebyr/basisgebyr gå til frådrag i nytt gebyr. (For plansaker etter pbl §§ 12-3, 12-10, 12-11 og 12-14) og søknadssaker etter dei andre heimlane gjeld eigne reglar, sjå pkt. C.2.3, E.3, F og G.3.)

Kommunen skal av eige tiltak betala attende det rekvirenten måtte ha til gode. Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja morarente i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

## A.2 KVA FOR REGULATIV SKAL NYTTAST

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som er føresett for at kommunen skal kunna slutthandsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn, for eksempel ein del reguleringsplansaker, byggesaker med delt sakshandsaming (ramme-/igangsettingsløyve), refusjonssaker og delingsaker, skal ein nytta det gebyrregulativet som er eller var gjeldande når føresetnadene for å slutthandsama neste led i sakshandsaminga er til stades.

Gebyr som er relatert til timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

## A.3 BETALINGSTIDSPUNKT

Før kommunen skriv ut mellombels bruksløyve eller ferdigattest, skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Likeins skal gebyr for oppmålingsforretning og andre gebyrsaker som skal matrikkelførast, og tilhøyrande tinglysingsgebyr og dokumentavgift, vera betalt før aktuelle dokument blir matrikkelført.

For søknadssaker kan kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skriva ut eit førebels gebyr i samsvar med gjeve overslag. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr.

Også for andre arbeid kan kommunen krevja at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter brukte timeverk og kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, bli utskrive i ettertid.

Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje lengre betalingsfrist.

## **A.4 URIMELEGE GEBYR**

Dersom eit gebyr er klart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den som han/ho gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

## **A.5 FRITAK FOR GEBYR**

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningsliner heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

## **A.6 KOMMUNEN SINE KOSTNADER TIL FAGKUNNIG HJELP**

I sjeldne og kompliserte saker eller problemstillingar som medfører at kommunen må hyra inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga for å tilfredsstilla lovkrava til denne, kan kommunen i tillegg til gebyret krevje å få refundert utlegga til slik hjelp av den som skal betala saksgebyret.

## **A.7 KLAGE**

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet.

## **A.8 AVBROTE ARBEID**

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføra.

## **A.9 ENDRING AV REGULATIVET**

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Dersom kommunestyret vedtek at gjeldande regulativ skal indeksregulerast, skal satsane regulerast i samsvar med KS "Hovedoversikt over kommunale arbeidstakere tabell II over endringar i månedsfortjeneste i % for teknisk sektor." Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1000 skal ein avrunda til heile 10 kroner, satsar frå kr. 1000-10000 til heile hundre kroner og satsar frå kr 10 000 til heile tusen kroner.

## **A.10 GEBYR TIL STATLEGE ETATAR**

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskriving og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen blir påført i samband med innhenting av relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, skal dekkast av rekvirenten.

## B TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

### B.1 TIMEPRIS

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jf. dette regulativet, skal ein bruke følgjande timesatsar:

- a. Kontorarbeid kr 660  
b. Feltarbeid kr 880

## C GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (§ 33-1)

### C.1 KART OG EIGEDOMSOPPGÅVER (KAP. 2)

#### C.1.1 Digitalt situasjonskart for plansaker

For plansaker (C2) skal det betalast gebyr for 1 time kr  
660

#### C.1.2 Situasjonskart for tiltakssak, refusjonssak og saker etter ureiningslova

Gebyr for situasjonskart er teke med som del av saksgebyra.  
For digitalt situasjonskart skal det betalast gebyr etter C.1.1

### C.2 PLANSAKER ( KAP 12)

#### C.2.1 Privat forslag til detaljregulering (pbl §§ 12-3 og 12-11)

Saksgebyret skal kommunen rekna ut etter følgjande tabell for nye planer:

GEBYR	Enkel sak	Middels tung sak	Komplisert sak
Basisgebyr <sup>1</sup>	kr 27 500	kr 55 000	kr 88 000
Tillegg for avklaring av rammer	kr 6 600	Kr 22 000	Etter medgått tid og utgifter til fagkunnig bistand. <b>Minstegebyr:</b> kr 27 500
Tillegg for tilarbeiding	kr 5 500	kr 16 500	Etter medgått tid og utgifter til fagkunnig bistand. <b>Minstegebyr:</b> kr 22 000

<sup>1</sup> Basisgebyret er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med eit planforslag som er fullstendig frå søkjar si side, fram til saka er ei ”offentleg” plansak.

Dersom kommunen som ledd i sakshandsaminga fram til saka blir ei ”offentleg” plansak, må bruka tid på **avklaringar av rammer** som er uavklart(e) i høve til lov, forskrift, overordna plan eller vedtak gjort i medhald av desse, skal det betalast tilleggsgebyr som vist i tabellen. Inndelinga er definert slik:

Enkel sak:	Få og små uavklarte tilhøve i forhold til gjeldande plan(ar). (Inntil eitt dagsverk)
Middels tung sak:	I samsvar med overordna plan, men manglande detaljavklaring. (Frå 1–4 dagsverk tilleggsarbeid for kommunen)
Komplisert sak:	Forslag i strid med overordna regelverk, plan eller offentlig vedtak

Dersom kommunen som ledd i sakshandsaminga fram til saka blir ei ”offentleg” plansak, må bruka tid på å få **planpresentasjonen** i samsvar med krava, skal det betalast eit tilleggsgebyr som vist i tabellen. Inndelinga er definert slik:

Enkel sak:	Nokre mindre justeringar må utførast (inntil eitt dagsverk)
Middels tung sak:	Omfanget av den kommunale tilarbeidinga krev eitt til fire dagsverk
Komplisert sak:	Større grad av kommunal tilarbeiding

### **Basisgebyret skal delast i 3 og fakturerast etter følgjande milepælar:**

- 25 % av basisgebyret etter gjennomført oppstartsmøte
- 50 % av basisgebyret (+ eventuelt tilleggsgebyr) når planen er klar til høyring
- 25 % av basisgebyret (+ eventuelt tilleggsgebyr) når planen er ferdig handsama

**Dersom planforslaget også inneheld søknad om rammeløyve for tiltak, skal det i tillegg til plangebyret betalast 75% gebyr etter pkt. C.5.1 og C.5.2.**

### **C.2.2 Fornya søknad**

Dersom det innan eitt år blir innsendt fornya søknad for plan som er nekta fremja, skal det betalast halvt basisgebyr (pkt. C.2.1) og fulle tilleggsgebyr der søknaden medfører tilleggsarbeid for kommunen.

Ein fornya søknad skal klassifiserast ut frå den situasjonen som søknaden er i, i høve til klassifiseringsreglane ovanfor. Deretter skal kommunen rekna ut gebyret for saka.

### **C.2.3 Søknad om planendring (§ 12-14)**

For søknad om endring av godkjent plan, skal det betalast følgjande gebyr. **Basisgebyr:**

Enkel sak (mindre vesentlege endringar)	kr 8 500
Middels tung sak (vesentlege endringar utan protest)	kr 18 200
Komplisert sak (vesentlege endring eller innvendingar):	
Basisgebyr som for ny sak, jfr pkt C.2.1	

I tillegg kan det for alle sakstypene krevjast gebyr etter C.2.1 for **tilleggsarbeid**.

#### **C.2.4 Konsekvensutgreiing (§ 12-10)**

Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid.

**Minstegebyr for kvart utgreidd tilhøve** (jf. tabell I og II i forskrifta) kr 30 300

#### **C.2.5 Avvist eller mangelfull sak**

Dersom motteke sak (C.2.1 og C.2.3) blir avvist eller er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunna retta manglane i samsvar med pkt. C.2.1, skal saka returnerast til innsendar med melding om kva som må gjerast før kommunen kan ta saka under handsaming. For avvist sak skal avvisinga grunngjevast. Og det skal opplysast om klageretten på avvisinga. For kommunen sitt arbeid skal innsendar betala følgjande gebyr for:

a Enkel eller avvist sak	kr 1 700
b Middels tung sak	kr 2 300
c Komplisert sak	kr 3 000

### **C.3 REFUSJONSSAKER (KAP. 18)**

#### **C.3.1 Planbehandling m.v. (§ 18-8)**

Gebyr i høve til medgått tid. **Minstegebyr:** kr 15 000

#### **C.3.2 Kostnadskontroll og fastsetjing av refusjon (§ 18-9)**

Gebyr i høve til medgått tid. **Minstegebyr:** kr 25 300

Kommunen kan nekta å starta arbeid etter C.3.2 til gebyr for arbeida som inngår i C.3.1 og minstegebyret etter C.3.2 er betalt. For gebyr som overstig minstegebyret, kan kommunen krevja betaling etter kvar avslutta etappe i sakshandsaminga.

#### **C.3.3 Avvist eller mangelfull refusjonssak**

Dersom motteke sak blir avvist eller er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunna handsama henne, skal saka returnerast til innsendar med melding om kva som må gjerast før kommunen kan ta saka under handsaming. For avvist sak skal grunnen til avvisinga gjevast saman med opplysing om klageretten på avvisinga. For begge tilfella skal innsendar betala følgjande gebyr: kr 1 700

## C.4 DISPENSASJON (KAP.19)

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr etter pkt. C.5.1 og C.5.2\*

Der søknad om tiltak medfører at det må gjevast dispensasjon i høve lov, forskrift, vedtekt eller offentlig vedtak gjort i medhald av desse, er gebyret for kvart tilhøve som krev dispensasjon:

1. Dispensasjon frå lov og plan som gjeld arealbruk (§ § 19-1 og 19-2)	kr 8 400
2. Mellombels dispensasjon (§ 19-3)	kr 6 600
3. For andre typar dispensasjon	kr 6 600

\* Kommunen vel kva han vil bruke som gebyreining: sak eller tilhøve.

## C.5 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (KAP.20)

### C.5.1 Tiltak som søker sjølv kan stå for, jfr. § 20-2

a. Sak som krev oppdatering av offentlege kart eller register:	kr 4 400
b. Sak som ikkje krev oppdatering av offentlege kart eller register:	kr 2 200

### C.5.2 Tiltak som krev at kvalifisert og godkjent ansvarshavande står for dei ulike delane av tiltaket, jfr. § 20-1

Kommunen fastset i alle søknadssakene kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter.

I gebyra for ”byggesakene” utgjør kommunens kostnader til tilsynsoppgåva 10 % av gebyret, jf. § 33-1 i lova

**Basisgebyret** er inndelt i tre klassar: enkel sak, middels tung sak og komplisert sak, jfr KS sin gebyrvegleiar s. 28. Basisgebyret kan vidare delast inn i fleire nivå som dei ulike sakstypene i den detaljerte malen er relatert til:

Nivå	Enkel sak	Middels tung sak	Komplisert sak
1: Bygningar <sup>2</sup> unntatt garasjar o.l. (NS kode 18)	kr 7 000	kr 12 600	Medgått tid,

<sup>2</sup>Konstruksjon, anlegg og vesentlege endringar av terrenget, som er med i ein byggesøknad, er medrekna i gebyret. Der bustadbygning har fleire bueningar som tilfredsstillar krava til å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det betalast følgjande tillegg per eining:

Eining nr. 2 til og med nr 5: 50 % av satsane i tabellen.

Frå og med eining nr. 6: 20 % av satsane i tabellen.

For buening som ikkje tilfredsstillar dei fysiske krava for å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det per eining betalast eit tillegg på 20 % av satsane i tabellen.

			min. kr 19 600
2: Alle andre søknadssakene	kr 4 400	kr 5 500	Medgått tid, min. kr 8 800

For ”småaker” (enkle tiltak der basisgebyret verkar urimeleg høgt i høve til byggekostnadene eller kommunen sine arbeid med sakstypen) skal gebyret vera: kr 2 200

**Tilleggsgebyr:** Der ei søknadssak medfører ekstraarbeid for kommunen, skal det krevjast tilleggsgebyr etter denne skalaen:

- |  |           |
|--|-----------|
| <b>1 Lite</b> (inntil eit halvt dagsverk)                              | kr 2 400  |
| <b>2 Middels</b> (inntil to dagsverk)                                  | kr 7 000  |
| <b>3 Mykje</b> (meir enn to dagsverk) Medgått tid. <b>Minstegebyr:</b> | kr 12 600 |

Tilhøve som medfører tilleggsgebyr er m.a.: Delt sakshandsaming, innhenting av tilleggsdokumentasjon og mangelfull søknad, synfaring, vurdere søknad om ansvarsrett som ikkje er vurdert tidlegare for tilsvarande ansvar, vurdere avfallsplan, ta mot eller vurdere innvendingar frå naboar, innhente uttale/samtykke frå andre styresmakter, rette manglar ved søknaden (der dette er mest rasjonelt for kommunen), mellombels bruksløyve. Tilleggsgebyret femnar og om kommunens administrasjonsarbeid til engasjement av ekstern spesialkompetanse. (Betalinga for hjelpa, skal dekkast i samsvar med pkt. A.6.)

### C.5.3 Delingssøknad (pbl § 20-1 bokstav m)

For søknad som er samordna med annan tiltakssøknad, f.eks. byggesøknad, skal gebyret vera 75% av satsane nedanfor.

Gebyret gjeld per søknad. Der søknaden gjeld fleire formål eller område med ulik reguleringsstatus, skal gebyret reknast ut etter dei høgste satsane.

#### C.5.3.1 Søknad om oppretting av ny grunneigedom, nytt jordsameige, ny festegrunn, og arealoverføring i regulert område

- |   |          |
|---|----------|
| a. Samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan                        | kr 1 900 |
| b. Andre grenser enn fastsett i gjeldande plan eller der desse ikkje er fastlagde |          |
| 1 Byggetomt   | kr 4 200 |
| 2 Andre formål  | kr 3 200 |

#### C.5.3.2 Søknad om oppretting av ny grunneigedom, nytt jordsameige, ny festegrunn og arealoverføring i uregulert område

- |                  |          |
|------------------|----------|
| a. Byggetomt     | kr 4 800 |
| b. Andre formål, | kr 3 700 |

Inneber søknaden dispensasjonsvurdering, skal det i tillegg betalast gebyr etter pkt. C.3.2.

---

For tilbygg av ny(e) buening(ar), eller tilbygg, påbygg eller underbygg som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal det betalast gebyr som for ny bygning.

For delingssak som også krev godkjenning etter jordlova, skal det i tillegg krevjast gebyr etter Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993, § 1, bokstav b, kr 750.

### **C.5.3.3 Søknad om oppretting av ny anleggseigedom**

I følge avtale, jfr pkt A6.

### **C.5.4 Heis, rulletrapp, og rullande fortau. (pbl § 20-1 a)**

Der kommunen må nytta sakkunnig hjelp til sakshandsaming og i kontroll av anlegg som er i drift, skal eigar (tiltakshavar) dekkje kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp. I tillegg skal det betalast eit saksgebyr for kommunen sitt arbeid: kr 1 500

### **C.5.5 Endring i høve til gjeve løyve eller registrert melding**

For sakshandsaming av endringsforslag skal det betalast gebyr i samsvar med reglane for tilleggsgebyr i C.3.3.

Er det søkt om større endring(ar), kan kommunen krevja at saka skal handsamast som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve til regulativet, jfr pkt A.4.

### **C.5.6 Avvist sak**

Dersom motteke sak blir avvist eller er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunna handsama henne, skal saka returnerast til innsendar med melding om kva som må gjerast før kommunen kan ta saka under handsaming. For avvist sak skal grunnen til avvisinga gjevast saman med opplysing om klageretten på avvisinga. For kommunen sitt arbeid i dette høve skal innsendar betala følgjande gebyr:

- |   |          |
|---|----------|
| a. Tiltak som søkjar sjølv kan stå for, jfr. § 20-2   | kr 1 700 |
| b. Tiltak som krev at kvalifisert og godkjent ansvarshavande står for dei ulike delane av tiltaket, jfr. § 20-1 | kr 2 300 |

### **C.5.7 Ulovlege byggearbeid (kap 32)**

Gebyra for ulovlege byggearbeid kjem i tillegg til ordinære saksgebyr etter C.5.1, C5.2 og C.5.5

#### **C.5.7.1 Påpeiking av ulovleg byggearbeid med rettingsretteiing**

For skriftleg melding til tiltakshavar om oppdaga ulovleg tiltak i høve til krava i plan- og bygningslova med rettleiing om kva tiltakshavar må gjera for å få tiltaket i samsvar med regelverket, skal det betalast

- |  |          |
|--|----------|
| a For søknadssak type C.5.1                    | kr 5 000 |
| b For søknadssak*type C.5.2                    | kr 9 900 |
| * For kategori ”småsak” skal betalast gebyr a) |          |

#### **C.5.7.2 Oppfølgjande sakshandsaming av ulovlege byggearbeid (Påpeikt ulovleg tilhøve)**

Dersom tiltakshavar innan sett frist ikkje har retta seg etter dei pålegg han/ho har fått for å få tiltaket i lovlege former, skal det betalast tilleggsgebyr etter medgått tid etter pkt. B i dette regulativet der

tidbruken overstig minstegebyret. I tillegg kan kommunen krevja dekkja sine kostnader til sakkunnig bistand. Kommunen kan velja sak eller tilhøve som gebyreining. **Minstegebyr for**

a For sakstype C.5.1 kr 6 600  
b Søknadssak\* for sakstype C.5.2 kr

13 200

\* For kategori "småsak" skal betalast gebyr a)

Den oppfølgjande sakshandsaminga kan i tillegg medføra andre åtgjerder som er heimla i §§ 32-8 (Overtredelsesgebyr) og 32-9 (Straff).

## **D GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA (§ 32)**

**Vintersesong, jf. MF § 18 3. ledd.**

Kommunestyret vedtek at tida 01.12-31.03 skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfest frist for fullføring av oppmålingsforretning.

### **D.1 ETABLERING AV NY MATRIKKELEINING (§§ 6, 10 OG 12)**

#### **D.1.1 Etablering av grunneigedom, festegrunn og punktbeste**

areal frå 0 – 500 m<sup>2</sup> kr 16 000  
areal frå 501 – 2000 m<sup>2</sup> kr 22 000  
areal frå 2001 - 20 000 m<sup>2</sup> kr 24 500 + kr 1 350 per påbegynt 2 000 m<sup>2</sup>  
areal > 20 000 m<sup>2</sup> kr 49 000 + kr 4 000 per påbegynt 20 000 m<sup>2</sup>

#### **D.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (§§ 10 og 13)**

areal frå 0 – 500 m<sup>2</sup> kr 11 500  
areal frå 501 – 2000 m<sup>2</sup> kr 16 000  
areal frå 2001 m<sup>2</sup> til 20 000 m<sup>2</sup> kr 17 500 + kr 1 000 per påbegynt 2 dekar  
areal > 20 000 m<sup>2</sup> kr 35 000 + kr 3 000 per påbegynt 20 000 m<sup>2</sup>

#### **D.1.3 Registrering av eksisterande jordsameige eller endring i registrert sameigefordeling (§§ 6, 10 og 14)**

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige eller registrert fordelingsnøkkel skal fakturerast etter medgått tid.

### **D.1.4 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (§ 6)**

Gebyr som for vedkomande eining + kr 1 600

### **D.1.5 Oppretting av anleggseigedom (§§ 6, 10 og 11)**

I følge avtale, jfr pkt A6.

### **D.1.6 Oppmålingsforretning utført utan markarbeid**

Dersom oppmålingsforretning blir utført utan markarbeid, skal det betalast eit gebyr på 75 % av ovanstående satsar

## **D.2 OPPRETNING OG ENDRING AV UTEAREAL TIL EIGARSEKSJON (§§ 6 E OG 10)**

Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon

areal frå 0 – 50 m <sup>2</sup>	kr 8 300
areal frå 51 – 250 m <sup>2</sup>	kr
10 000	
areal frå 251 – 2000 m <sup>2</sup>	kr 12 000
areal > 2000 m <sup>2</sup>	kr 12 000 + kr 500 pr. påbegynt dekar

## **D.3 JUSTERING AV GRENSE (§§ 10 OG 16)**

### **D.3.1 Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige**

areal frå 0 – 250 m <sup>2</sup>	kr 8 300
areal frå 251 – 500 m <sup>2</sup>	kr
10 000	

### **D.3.2 Justering av grense for anleggseigedom**

I følge avtale, jfr pkt A6.

## **D.4 AREAL-/VOLUMOVERFØRING (§§ 10 OG 15)**

### **D.4.1 Arealoverføring for grunneigedom, festegrunn og jordsameige**

areal frå 0 – 250 m <sup>2</sup>	kr 9 600
areal frå 251 – 500 m <sup>2</sup>	
kr12 000      areal > 500 m <sup>2</sup> kr 12 000 + kr 1 400 pr. påbegynt 500 m <sup>2</sup>	

### **D.4.2 Volumoverføring for anleggseigedom**

I følge avtale, jfr pkt A6.

## **D.5 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE (§§ 10 OG 17)**

### **D.5.1 Klarlegging av eksisterande grense der grensa er koordinatbestemt ved tidligare oppmålingsforretning**

For inntil 2 punkter	kr 5 400
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	kr 700

### **D.5.2 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt**

For inntil 2 punkt	kr 8 100
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	kr 1 100

### **D.5.3 Klarlegging av rettar og servituttar**

Gebyr etter medgått tid.

### **D.5.4 Matrikkelføring av privat avtale om grense (§§ 8 og 19)**

Gebyr etter medgått tid.

## **D.6 AVBROTT I REKVIRERT ARBEID SOM KOMMUNEN KAN KREVJE GEBYR FOR (§ 32)**

### **D.6.1 Avbrott forårsaka av rekvirenten**

Når ein rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid etter lova blir avbrote eller må avsluttast før det er fullført, skal det betalast gebyr etter medgått tid. **Minstegebyr** kr 3 600.

### **D.6.1 Avvist sak**

For rekvirert sak som ikkje kan fullførast av formelle grunnar og dermed blir avvist, skal det betalast gebyr etter medgått tid

## **D.7 MATRIKKELBREV (§ 3; GEBYR FASTSETT AV STATEN, JF. MATRIKKELFORSKRIFTA §16.)**

For utskrift frå matrikkelen (matrikelbrev) er gebyret:

Matrikelbrev inntil 10 sider	kr 175,-
Matrikelbrev over 10 sider	kr 350,-

## **E GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIERSEKSJONER (§ 7)**

### **E.1 KRAV OM SEKSJONERING ELLER RESEKSJONERING AV EIN EIGEDOM**

a. Sak som krev synfaring:	rettsgebyr	fem
b. Sak som ikkje krev synfaring:	rettsgebyr	tre

### **E.2 UTARBEIDING AV MÅLEBREV FOR GRUNNAREAL SOM ER DEL AV EIN SEKSJON**

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr etter E.1, betalast gebyr etter reglane i kap. D.2.

### **E.3 NY HANDSAMING AV AVSLEGEN SØKNAD**

Der fornya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

## **F FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONSSAKER M.V. AV 29. DESEMBER 1993 (STATEN FASTSET GEBYRET)**

Kommunen skal krevja gebyr etter reglane i forskrifta for følgjande saker:

- a. Søknader om konsesjon (ervervsløyve) etter

1. Lov av 3. juli 1914 nr. 5 om erverv av kalksteinsforekomster,
2. Lov av 17. juni 1949 nr. 3 om erverv av kvartsforekomster,
3. Lov av 31. mai 1974 nr 19 om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova). Satsene er 3 promille av første millionen av kjøpesummen, deretter 2 promille. Minstegebyret er sett til kr 750

- b. Søknader om delingssamtykke etter Lov om jord (jordlova) av 12. mai 1995 nr. 25 § 12. kr 750

## **G GEBYR FOR TILTAKSSAKER ETTER LOV OM FORURENSING**

### **G.1 OPPRYDDING I UREINA GRUNN VED BYGGE- OG GRAVEARBEID (KAP 2 I FORSKRIFTA)**

For kommunen sine arbeid etter kap. 2 i forskrift av 01.06.04 skal det betalast gebyr etter medgått tid og satsar i pkt. B i dette regulativet. **Minstegebyr:** kr 3 300

### **G.2 UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLAUPSANLEGG (§ 11-4 I FORURESNINGSFORSKRIFTEN AV 01.06.2004.)**

#### **G.2.1 Søknadssaker**

Det skal betalast gebyr per utslepp etter følgjande satsar:

- |   |          |
|---|----------|
| a Anlegg der utsleppet er kalkulert til < 15 PE               | kr 3 900 |
| b Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE   | kr 5 500 |
| c Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 100 og 1000 PE | kr 8 300 |

Der ein søknad gjeld fleire avlaup av same storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast halvt gebyr per avlaup frå og med nr. 2.

Der ein søknad gjeld fleire avlaup av ulik storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast fullt gebyr for det avlaupet som gjev størst gebyr og halvt gebyr i høve til klassen per avlaup som kjem i tillegg.

#### **G.2.2 Meldingssaker (føreset lokal forskrift)**

For meldingssaker etter § 5 er gebyret per avlaup kr 2 200

### **G.2.3 Ny handsaming av avslegen søknad**

Der fornya søknad om utsleppsløyve fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

### **G.2.4 Avvist eller mangelfull sak**

Dersom motteke saka blir avvist eller er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunna handsama henne, skal saka returnerast til innsendar med melding om grunnen til avvisinga eller kva som må gjerast før kommunen kan ta saka under handsaming. Ved avvising av saka skal og opplysast om klageretten på vedtaket. For kommunen sitt arbeid skal betalast eit gebyr på kr 600

## **G.3 KONTROLLSAKER**

For kontroll av avlaupsanlegg utført av kommunen skal betalast følgjande gebyr for kvart anlegg:

- |  |          |
|--|----------|
| a Anlegg der utsleppet er < 15 PE                          | kr 2 200 |
| b Anlegg der utsleppet er mellom 15 og 100 PE              | kr 3 300 |
| c Anlegg der utsleppet til mellom 100 og 500 PE            | kr 5 500 |
| d > 500 PE etter medgått tid, jf. B.2. <b>Minstegebyr:</b> | kr 9 900 |